



Andreas Scholl  
Radøyvegen 430  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4387 - 21/78958

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
22.11.2021

## **Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 140/40 Erstad**

Tiltak: dispensasjon - bruksendring, ombygging og tilbygg  
Byggjestad: Gbnr: 140/40  
Tiltakshavar: Andreas Scholl  
Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknad på ny og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknad vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt om fritak frå teknisk forskrift (TEK17) og vist til § 14 knytt til energieffektivitet. Denne formuleringa indikerer at det er søkt fritak frå heile kapittel 14 i TEK17 knytt til energieffektivitet. Det må tydeleggjerast kva krav i kapittel 14 det er søkt fritak frå, og i tilfelle om det gjeld fritak frå heile kapittelet.

For å vurdere om det er grunnlag til å gje fritak frå TEK17 kapittel 14 er det naudsynt med supplerande informasjon som syner kor stort avvik det er frå dei enkelte krav. Sjå TEK17 §§ 14-2 og 14-3 knytt til energieffektivitet i bustad, samt minstekrav til energieffektivitet. Det er naudsynt med slik informasjon for å kunne ta stilling til om det er grunnlag frå avvik.

2. Fritak frå TEK17 skal vurderast ut frå blant anna meirkostnad ved tiltak. Det må sendast inn informasjon som syner kor store meirkostnadar det vil bli for å følgje opp krav til energieffektivitet i TEK17 kapittel 14 i eksisterande bygg, sett mot kva kostnadane ville ha vore ved etablering av nybygg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **10.01.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Andreas Scholl  
Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Radøyvegen 430  
Kvingebakkevegen 97

5938  
5981

SÆBØVÅGEN  
MASFJORDNES